

# Sosialt entreprenørskap og lokal utvikling

**EIN TREND** I Europas nordlege utkant er lansering av sosialt entreprenørskap som eit tiltak for å demme opp for fråflytting og utarming av distrikta. Dette fordi korkje tradisjonelle bedrifter eller offentleg politikk har fungert godt nok i så måte. Mellom anna er det no sett i gang eit eige EU-program med vekt på sosialt entreprenørskap, fornybar energi og lokal utvikling. Dette kan vere ein god strategi også i Sogn og Fjordane.

**DET AT BEDRIFTER** viser sosialt ansvar er ikkje noko nytt. Ulike typar velferdstiltak ut over minimum definert i lover og avtalar har ikkje vore uvanleg i næringslivet. Sogn og Fjordane Fylkeskommune si næringsavdeling har også sett dette temaet på dagsorden gjennom prosjektet: «Eit samfunnsansvarleg næringsliv i Sogn og Fjordane». Målet er å skape medvit i næringslivet om fordelane med å ta samfunnsansvar på alvor; først og fremst ut frå eit marknads- og omdømeperpektiv. Vidare er føremålet å gi bedriftene den naudsynte kunnskapen til å arbeide strategisk og systematisk med samfunnsansvar i praksis, og få ei målretta utvikling i takt med samfunnet rundt og på den måten sikre eksisterande arbeidsplassar og også skape nye. Innovasjon Noreg har dessutan sett fokus på denne problemstillinga med mål om å auke kunnskapen til bedriftene, og bedriftene si utvikling, i denne retninga.

kan vere bedrifter som støttar tiltak på område som reduksjon av fattigdom, betring av helse, utdanning, miljøvern, husbygging, rettferdig handel, sysselsetjing og ulike velferdstiltak. Blant det som vert kalla sosiale bedrifter finn vi derfor stor variasjon. Det kan vere alt frå bedrifter som brukar delar av overskotet på sosiale føremål til gjennomført ideelle bedrifter.

## «SOSIALT ENTREPRENØRSKAP»

ER eit relativt nytt omgrep, sjølv om bruken av det kan førast tilbake til 1970-talet. Ein sosial entreprenør er ein person, organisasjon eller eit nettverk som startar ei ny bedrift for å tene pengar og for å løyse eit samfunnsproblem. «Sosiale bedrifter» har altså både økonomiske og sosiale føremål. Døme



OPERAHUSET på Nordfjordeid vert varma opp med fjordvarme gjennom ei sosial bedrift.

(Foto: Steinar Engeland)

kan vere alt frå bedrifter som brukar delar av overskotet på sosiale føremål til gjennomført ideelle bedrifter.

**HØGSKULEN OG KUNNSKAPSPARKEN** i Sogn og Fjordane har gjennom eit større forskingsprosjekt finansierte av det nemnde EU programmet, retta fokus mot sosiale bedrifter innan fornybar energi. Prosjektet har fått namnet SECRE (sjå faktarute) og har til føremål å finne fram til gode døme på korleis sosiale bedrifter innan fornybar energiproduksjon kan etablerast og utviklast. Døma skal så brukast som førebilde for å utvikle fleire slike sosiale bedrifter. At EU løyver pengar til forskning på sosiale bedrifter innan fornybar energiproduksjon, skuldast at dette gir ein «kinderegg-effekt». Vi får tre verknader på ein gong. For det fyrste vert det etablert ei lokal bedrift som tener pengar og skapar lokale arbeidsplassar. Deretter får vi miljøvenleg energiproduksjon. For det tredje så vert deler av, eller heile overskotet delt ut til sosiale tiltak i nærmiljøet.

**DEN KOMMUNALT EIGDE** verksemda Fjordvarme AS på Nordfjordeid er eit døme på ei slik sosial bedrift. Fjordvarme AS produserer miljøvenleg energi gjennom fjordvarme. Energien

vert nytta til oppvarming av operaen og andre offentlege og private bygg. Desse har alle redusert kostnadene knytt til oppvarming med mellom 30 og 50 %. Eit eventuelt overskot i verksemda går inn til kommunen, og kjem såleis fellesskapen til gode. Verdiskapinga i verksemda vert dermed verande att lokalt.

**VI FINN MANGE** døme på det motsette i fylket vårt. Ta til dømes eit oppdrettsanlegg eigd av eit stort konsern: Produksjonen skjer lokalt, men svært lite av verdiskapinga vert att i fylket. Anlegget har kanskje ein deltidstilsett som får løn, resten av pengane forsvinn dit selskapet har hovudkontor. Eit tilleggssproblem er at mange av bedriftene i Sogn og Fjordane er ganske små. Overlevingsevna er rett nok god, men vi skulle gjerne hatt meir entreprenørskap. Fleire levedyktige og verdiskapande bedrifter er grunnlaget for at vi kan halde fram med å bu her.

**VERDISKAPING ER EIT** nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg vilkår for stabil og god økonomi i regionen. At ei bedrift etablerer seg i ei bygd gjev ingen garanti for stabilitet i arbeidsplassane, jf. det som har skjedd i Høyanger og Årdal dei seinare åra. Eit sentralt kjenneteikn på den globale økonomien er at verksemdar vert flytta dit kor produksjonskostnadene er lågast. Konkurransen i næringslivet er beinhard og eigarane er pressa av finansøkonomiens krav til forteneste. I tillegg opplever ein ofte at det kjem inn nye eigarar med andre mål enn dei tidlegare

eigarane. I sum kan me oppleve store problem i den regionale økonomien. Når slikt skjer, er det oftast vanlege folk som får rekninga i form av arbeidsløyse, dårleg privatøkonomi og flytting.

**FINST DET LIKEVEL** noko vi kan gjere, eller har vi ingen kontroll over eigen situasjon? Sosiale bedrifter og lokal utvikling handlar om at regionane «tek tilbake» kontrollen over eiga verdiskaping. Det krev at bedriftene er basert på lokale og fornybare ressursar, er lokalt forankra og har lokale eigarar – aller helst mange. Dette skapar stabilitet og sikrar at ein størst muleg del av verdiskapinga vert pløgd tilbake i den regionale økonomien, til hjelp for oss alle. Dessutan: Alle kan som gode økonomar passe på at pengestraumane vi rår over går inn i den regionale økonomien. Skal du kjøpa ny bil, så bruk dei lokale forhandlarane. Treng du ein ferietur, kvifor ikkje ta ein tur i eige fylke? Tenk først lokalt når du skal handle.

## Fakta:

### FAKTA:

SECRE (Social Entrepreneurship Community Renewable Energy) er eit større forskingsprosjekt finansierte av EU der føremålet er å finne fram til gode døme på korleis sosiale bedrifter innan fornybar energiproduksjon kan etablerast og utviklast.

Dette er eit samarbeid mellom 12 forskingsinstitusjonar i Island, Finland, Sverige, Norge, Skotland, Irland og Nord-Irland.


Norge er representert i prosjektet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.



Jøril Hovland, Prosjektleiar Kunnskapsparken Sogn og Fjordane



Jon Gunnar Nesse, Førstelektor Høgskulen i Sogn og Fjordane



Johannes Idsø, Førstelektor Høgskulen i Sogn og Fjordane



Ove Oklevik, Førsteamanuensis Høgskulen i Sogn og Fjordane

KRONIKK